
Saksnr: 2020/52087-5
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Tildeling av tilskot til forprosjektet K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Norge

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune tildeler Høyanger næringsutvikling kr. 250 000,- i tilskot til forprosjektet K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!
2. Midlane vert henta frå tilskot løyvd til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå Riksantikvaren, statsbudsjettet 2015 kap. 1429 post 77 verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, som er øyremerka dette prosjektet.

Samandrag

Forprosjektet K1 *Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!* tek sikte på å avklare moglegheitene for bevare og å utvikle Kraftanlegg 1 i Høyanger til ein reiselivsattraksjon. Anlegget har ein høg kulturhistorisk verdi, og då det i dag er ute av bruk, er det nødvendig å finne ein alternativ bruk av anlegget. Riksantikvaren omdisponerte i 2017 midlar frå statsbudsjettet 2015 kap. 1429 post 77 verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet løyvd til Sogn og Fjordane fylkeskommune til dette prosjektet. Då det har tatt tid å få prosjektet i gang, har dei omdisponerte midlane ikkje blitt tildelt prosjektet før no.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2015 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune tildelt kr. 250 000,- i tilskot til verdiskapingsprosjektet *Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping*, (vedlegg 1) Tilskotet kom frå statsbudsjettet kap. 1429 post 77 verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet. Prosjektet *Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping* var ei vidareføring av fylkeskommunen sitt arbeid med lokale kulturminneplanar. Hovudmålet i dette prosjektet var å vise korleis kulturminneplanar kan nyttast som grunnlag for lokale utviklingsprosjekt, både reine næringstiltak, så vel som tiltak i skjeringsfeltet mellom kulturopplevingar, næring og stadutvikling. Intensjonen i prosjektet var at 5-6 kommunar i Sogn og Fjordane fylke skulle delta med delprosjekt forankra i sine lokale kulturminneplanar.

Det viste seg å vere vanskeleg å realisere dette prosjektet då det var få kommunar som var ferdige med sine kulturminneplanar og som hadde prosjekt som kunne gå inn i det. Høyanger kommune var den einaste kommunen som hadde eit konkret prosjekt som passa inn i målsetjinga. Deira forprosjekt *K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!* er ei vidareføring av måla i Høyanger kommune sin kulturminneplan der industriarven er førsteprioritet og var i tråd med det opphavlege verdiskapingsprosjektet. Då det ikkje var andre aktuelle prosjekt i kommunane til å delta i verdiskapingsprosjektet *Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping*, søkte Sogn og Fjordane fylkeskommune Riksantikvaren om å endre det opphavlege verdiskapingsprosjektet til at alle midlane kunne nyttast til forprosjektet *K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!* I e-post av 26. mai 2017 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune stadfesting frå Riksantikvaren om at midlane vart omdisponert til forprosjektet *K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!* (vedlegg 2).

I HNK-sak 50/17 vart det oppnemnd medlem av styringsgruppa for prosjektet, og styringsgruppa har hatt eit møte. Etter det stoppa prosjektet opp og fylkeskommunen har ikkje fått nokon formell søknad om tilskot til prosjektet og det har av den grunn heller ikkje blitt gjort noko tildeling til Høyanger kommune. I mars 2020 restarta Høyanger kommune prosjektet og prosjektleiinga vart lagt til Høyanger næringsutvikling. Vestland fylkeskommune oppnemnde medlem til den nye styringsgruppa i fylkestingsak PS 28/2020 der Anne Lilleaasen vart valgt til fylkeskommunen sin representant.

23. desember 2020 fekk Vestland fylkeskommune søknad frå Høyanger næringsutvikling om tilskot til forprosjektet *K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!* Bakgrunnen for at Høyanger kommune oppretta prosjektet var å bevare Kraftanlegg 1 og då spesielt røygata og trappene opp på fjellet som stod i fare for å bli rivne. Anlegget er eit kulturminne av høg regional verdi som fortel mykje om den tidlege kraftutbygginga i Høyanger. Det er eit anlegg som frå 1917 og til i dag er mykje brukt av innbyggjarane i Høyanger og det er eit stort engasjement for å bevare anlegget. Høyanger kommune har her samarbeidd med fylkeskommunen og Statkraft, som er eigar av anlegget, for å finne ei løysing slik at anlegget kan bevarast og vidareutviklast. Den overordna målsetjinga for prosjektet er å bevare og utvikle Kraftanlegg 1 i Høyanger som ein spektakulær attraksjon som vil bidra til verdiskaping kring næringsutvikling og stadutvikling. Prosjektet har fylgjande delmål:

- Avklare eigedomsforhold, juridiske spørsmål kring eksisterande anlegg, konsesjonar mm.
- Avklare framtidig drift og kostnader, samt eigarskap.
- Skissere løysing for framtidig utforming av anlegget og omkringliggjande område som sikrar bevaring og utvikling.
- Utarbeide detaljreguleringsplan etter Plan og bygningslova.
- Opplevingsnæring - produktutvikling

For meir informasjon om prosjektet sjå vedlegg 3.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet har avgjerdsmynde i saker om fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innan for sitt arbeidsområde, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering. Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering pkt. 3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde.

Vurderingar og verknader

Kulturhistorisk verdi

Utbygginga av industrianlegga og kraftutbygginga i fjella rundt Høyanger frå 1915 og framover gav grunnlaget for etableringa av tettstaden Høyanger. Dette er ein av dei tidlege tettstadane i fylket som vart bygd på bakgrunn av tilgangen til vasskraft. Mykje av den eldre tettstaden og kraftanlegga er framleis bevart og har i dag ein høg kulturhistorisk verdi. I dag er delar av tettstaden inne på Riksantikvaren sitt NB! register (register over byar og tettadar av kulturhistorisk interesse). Heilskapen mellom kraftanlegga i fjella, industrianlegga og tettstaden er av Vestland fylkeskommune vurdert til å vere eit kulturmiljø av nasjonal interesse. Ei fylje av dette er at eit større område i fjella og tettstaden er føreslått som eit KULA-område (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Kraftanlegg 1 (K1) er ein del av dette området og utgjer eit av kjerneanlegga sett i forhold til dei kulturhistoriske verdiane i kulturmiljøet.

Det omsøkte prosjektet:

Fylkeskommunen har i lang tid vore kjend med dei kulturhistoriske verdiane knytt til industrihistoria i Høyanger og opptatt av at kulturminna til kraft- og industrihistoria vert bevart. Bevaring av denne type kulturminne er kostbart og ein er gjerne avhengig av å finne ein ny bruk av kulturminna. Dette kan i mange tilfelle vere utfordrande. Høyanger kommune ser potensialet i å bevare og vidareutvikle kulturminna knytta til K1. I tilhøvet til K1 er det ei rekkje faktorar, som til dømes eigarskap, sikkerheit og ny bruk, som må avklarast. Det omsøkte forprosjektet tek sikte på å få avklart dette og gje rammer for vidare arbeid. Prosjektet er ei oppfyljing av måla i kulturminneplanen for Høyanger kommune og er i tråd med det opphavlege verdiskapingsprosjektet *Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping*. Prosjektet tek utgangspunkt i bevaring av kulturminne knytta til K1 og å sjå korleis ein ved å bevare dei kan utvikle eit spektakulært og attraktivt reisemål. Noko som igjen vil vere med å styrke lokalsamfunnet og næringsverksemda i Høyanger.

Økonomi:

Midlane til prosjektet kjem frå tildelt tilskot frå statsbudsjettet 2015 kap. 1429 post 77 verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet løyvd til prosjektet kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping. I 2017 omdisponerte Riksantikvaren midlane til prosjektet *K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!*. Høyanger kommune har vedteke å løyve kr. 250 000,- til forstudia som ei oppfyljing av prioriterte satsingar i den lokale kulturminneplanen til Høyanger kommune. I tillegg har Høyanger Næringsutvikling og Statkraft løyvd kr. 250 000,- kvar til prosjektet.

Ei utvikling av K1 som attraksjon vil etter fylkesdirektøren sin vurdering kunne bidra til auka lokal verdiskaping ved at Høyanger kommune får ein spektakulær attraksjon som vil trekkje nye besøkande til tettstaden. Anlegget vert allereie i dag nytta i reiselivssamanheng og er attraktive for besøkande som vil oppleve Høyanger. Ei vidareutvikling av anlegget vil bidra til å auke denne attraktiviteten.

Klima:

Bevaring og bruk av kulturminne framfor å rive og bygge nytt er eit godt klimatiltak. Prosjektet tek sikte på å finne løysingar for korleis ein ved å bevare eksisterande anlegg og gje det ein ny bruk i reiselivssamanheng. I dette prosjektet er det kulturminna som saman med naturen omkring er med på å gjere det spektakulært, framfor å bygge nye strukturar for å få til ei tilsvarande oppleving av naturen.

Folkehelse:

Lenge var trappene og trallebana ved K1 den viktigaste transporten opp på fjellet, også i dag er trappene mykje brukt til både oppleving og trening for alle aldersgrupper. Dette har ført til at det er stort lokalt engasjement for bevaring og vidareutvikling av anlegget. Plasseringa tett på sentrum gjer at anlegget er lett tilgjengeleg og dei gjev ein lett tilgang til kulturlandskapet som omgjev tettstaden.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Prosjektet vil bidra til å nå hovudmål 1 i Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 som seier at kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn. I forhold til kulturminne vert det i Kultur for alle presisert at fylkeskommunen vil nytte kulturarven aktivt i næringssamanheng og det er eit mål å integrere kulturminna endå sterkare i reiseopplevingar i Sogn og Fjordane.

Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025 sine hovudmål er auka verdiskaping, auke i tal gjestedøgn og eit meir berekraftig reiseliv. Prosjektet slik det ligg føre er i tråd med strategiane som reiselivsplanen legg opp til, og vil kunne bidra til å nå måla i reiselivsplanen.

Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer at forprosjektet *K1 Høyanger - ein spektakulær attraksjon i hjartet av Noreg!* vil bidra til å nå måla i Kultur for alle. Regionalplan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 og Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025, samstundes som det vil bidra til bevaring av kulturminne med svært høg verdi i fylket. Fylkesdirektøren viser til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.